

MØTEINNKALLING

Utval: **LEIKANGER UNGDOMSRÅD**
Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **03.12.2008** Tid: **0900**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
1/08	08/752	Orienteringar
2/08	08/753	Konstituering av ungdomsrådet

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 08/752

Arkiv:

Sak nr.: Utval
1/08 Leikanger ungdomsråd

Møtedato
03.12.2008

TEMA:

1. Kva er og kva gjer ungdomsrådet?
Orientering av tenesteleiar kultur Ole Opheim Røthe
2. Økonomiplan 2009 – 2012 og årsbudsjett 2009.
Orientering av tenesteleiar kultur Ole Opheim Røthe

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Konstituering av ungdomsrådet

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 08/753

Arkiv:

Sak nr.: Utval
2/08 Leikanger ungdomsråd

Møtedato
03.12.2008

TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding

DOKUMENT:

- Vedtekter for Leikanger ungdomsråd (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Ungdomsrådet er innkalla til det fyrste møtet i denne kommunevalperioden. I følgje vedtektene for ungdomsrådet skal rådet konstituere seg sjølv, dvs velje leiar og nestleiar. Dette er naturleg å gjere på det fyrste møtet.

No er situasjonen for rådet den at det ikkje er fulltalig. Rådet består i dag av den valde representanten frå kommunestyret og 3 representantar valde blant elevrådet på ungdomsskulen. Det skulle i tillegg ha vore valt 2 representantar til, då blant elevar frå vidaregåande.

Rådet er i utgangspunktet fullt vedtaksført når 2/3 av dei valde representantane er til stades. Rådet kan derfor i denne saka konstituere seg sjølv og velje leiar og nestleiar. Rådet bør likevel i tillegg drøfte i denne saka om det skal utsetje konstitueringa og prøve å verte fulltalig.